

Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser: Dykkar: d9183492-4fb4-4d66-a77b-1970e043ce3b  
Vår: 22/5296 - 22/54912

Saksbehandlar: Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato: 05.07.2022

## **Uttale søknad om dispensasjon fra byggegrense mot veg - gbnr 137/569 Alver**

**Tiltak:** Dispensasjon – oppføring av mur, basseng og terrase innanfor byggegrense mot kommunal veg  
**Byggjestad:** Ikenberget 33 A og B – GBNR 137/569  
**Tiltakshavar:** Arild Haukeland  
**Ansvarleg søker:** Arild Haukeland

Saka gjeld søknad om legalisering av etablert mur, basseng og terrase på gbnr 137/569.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ikenberget. Del av gnr. 137 – planid: 1263-200202 er definert som områder for boliger med tilhørende anlegg. Planen har regulert byggegrense mot veg.

### **VURDERING**

Byggesak ber om uttale frå vegavdeling vedkomande etablering av mur utanfor regulert byggegrense, og eventuelt andre merknadar til tiltaket.

### **Uttale:**

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg.

I samband med søknad har Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning registrert at gangveg til kjellarhusvære vert nytta til bilkjøring. Det er ikkje gjeve løyve til å nytte gangveg som avkjørsle. Vi gjer merksam på at det berre vert gitt eit avkjøringsløyve per bustadtomt. Det betyr at begge bueiningane skal nytte same avkjørsle. Godkjent avkjørsle er lokalisert i grense mot gbnr 137/570.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922



*Godkjent avkjørsle*

Gangvegen er plassert mellom mur på gbnr 137/568 og mur på gbnr 137/569. Rygging ut i/ inn fra kommunal veg auker risiko for påkøyrslar av dei som ferdast i og oppholder seg i kommunevegen. Av omsyn til trafikktryggleiken i bustadfeltet sett vegmynde krev om at gangveg vert stengt for kjøretøy.



*Vegbilder – som viser gangveg (foto frå kjøring 05.06.2022)*

grøfteareal grusa slik at kjøretøy kan parkere. Vi gjer merksam på at det her ikkje er tillete å parkere da området er ei del av sikstona til godkjent avkjørsle og gangveg på eigedom. Vegmynde vil derfor setje krev om at grøfteareal opparbeidast slik at det ikkje innbyr til parkering.



*Grøft mellom kant communal veg og mur skal etablerast med fall frå vegkant mot mur. Grøftearealet må opparbeidast slik at området ikkje innbyr til hensetting av kjøretøy i siktsonene som vist på kartutsnittet.*

Etter å ha vurdert innsendt dokumentasjon har vegmynde komme fram til at ein kan gje dispensasjon frå regulert byggegrense mot veg på vilkår.

#### **Dispensasjon frå regulert byggegrense mot communal veg vert gitt på følgjande vilkår:**

- Vegmynde har registrert at gangveg vert nytta som kjøreveg til utleigedel. Vi gjer merksam på at gangveg ikkje er godkjent som avkjørsle. Vegmynde gir ikkje to avkjøringsløyver til bustadomter.

Gangvegen ligg mellom to murer. På naboeigedom er det sett opp ei garasje som tek sikt i frå gangveg. Rygging inn i/ut i frå kommunal veg er uehdig med omsyn til tryggleiken til dei som ferdast i og langs kommunal veg. For å godkjenne mur i byggegrense mot veg sett vegmynde krav om at gangveg vert snevra inn denne ikkje kan nyttast som tilkomstveg for kjøretøy.

Før ferdigmelding vert gitt skal utførte tiltak på gangveg godkjennast av vegmynde.

- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og veglys).
- Mellom mur og kant kommunal veg skal det være eit grøfteareal som har fall frå kant kommunal veg, inn mot mur. Grøftearealet skal være opparbeida slik at det ikkje innbyr til hensetting av kjøretøy og andre sikthindringar siktsonane til avkjørsle og gangveg.
- Dersom mur er plassert nærmere kommunalt leidningsnettog kummer enn avstandskrav på 4,0 meter, skal det ligge føre dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett (jf. «standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. Bestemmelser» pkt. 3.4).

Det skal også ligge føre godkjent rørleggarmelding for basseng da etablering av basseng er ei vesentleg endring av tidlegare godkjent tilknyting (jf. «standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser» punkt. 2.2).

Med helsing  
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak      Postboks 4      5906      FREKHAUG